



Tidleg prognose for tilgang og forbruk av norsk korn for sesongen 2023/2024

10. juli 2023

Marknadsreguleringa i kornsektoren har som formål å sikre omsetninga av norsk korn og skape balanse i kornmarknaden i Norge. Felleskjøpet Agri marknadsregulator skal legge til rette for at alt norsk korn kan bli brukt best mogleg i samsvar med kvaliteten på kornet. Sentrale verkemiddel er tiltak mot periodiske overskott og råd til Landbruksdirektoratet om nødvendig supplering av importerte råvarer. Prognosar er grunnlaget for desse tiltaka og råda.

Avlingsestimatet for denne prognosen er svært usikkert, men prognosen blir gitt fordi det er forventa låge kornavlingar. Prognosen vil kunne gi matmjølindustrien grunnlag for å disponere tilgangen av norsk matkorn slik at det blir mogleg å levere stabil kvalitet gjennom den kommande sesongen.

Prognose for areal og arealfordeling

Prognosen føreset at kornarealet i 2022 samla sett er uendra i forhold til i fjor. Fordelinga mellom kornslaga er basert på førebelse data for omsetninga av såkorn og at 30 % av areal kveite og 50 % av areal rug sådd i haust, er omsådd denne våren. Det er ikkje korrigert for hausting av kornareal til fôr. Marknadsregulator har gjort eige estimat for areal åkerbønner:

	Arealfordeling 2018 - 2022 (dekar)					Prognose	Endring frå 2022
	2018	2019	2020	2021	2022	2023	
Haustkveite	99 275	426 143	190 891	182 666	326 596	197 000	-130 000
Vårkveite	485 939	375 570	484 569	453 074	426 011	408 000	-18 000
Kveite	585 214	801 713	675 460	635 740	752 607	605 000	-148 000
Rug, rugkveite	33 166	92 842	65 160	83 071	106 492	59 000	-47 000
Bygg	1 471 834	1 298 685	1 390 151	1 427 415	1 312 696	1 471 000	158 000
Havre	694 421	547 400	664 943	685 148	631 084	711 000	80 000
Korn	2 784 635	2 740 640	2 795 714	2 831 374	2 802 879	2 846 000	43 000
Oljefrø, åkerbønner	54 723	49 605	45 204	49 312	75 877	88 000	12 000
Korn/oljvekstar	2 839 358	2 790 245	2 840 918	2 880 686	2 878 756	2 934 000	55 000

Prognose for avling i kg pr. dekar

Avdelingar i Norsk Landbruksrådgiving har vurdert avlinga og gitt innspel pr. 07.07.2023.

Rådgjevarane har gitt kommentarar til avlingsvurderingane:

Norsk Landbruksrådgiving Øst, Øsaker:

«Vi regner med ca. 5 % av høstkornet er sådd om. Generelt var det god overvintring av høstkornet med noen unntak der det var en del oppfrost. Det er mye bra høstkornåkere å se, selv om de tørre forholda også har begrenset noe på avlingspotensiale.

Når det gjelder vårkorn er det store variasjoner. På den tørkesterke jorda ser det ganske bra ut, ser også en forbedring etter regnet vi fikk. På stivere jord og spesielt på leirholer og planert areal fikk vi mye dårlig spiring og har ikke spirt før de siste to ukene etter at det kom regn.

Oljvekstareale domineres i år av høstoljvekster og her er mye flott åker å se, spesielt i de søndre delene av Østfold. Her forventer vi svært gode avlinger. De få våroljvekståkrene som er sådd står også bra selv under de tørre forholda vi har hatt.»

Norsk Landbruksrådgiving Øst, Hvam:

«Vi antar at ca. halvparten av høstkornet ble sådd om. Det som har overvintret greit kan bli brukbart. En del av høsthveten som er beholdt er imidlertid tynn. Når det gjelder vårkornet, så er det store forskjeller på hvordan det ser ut. På mye leirjord ble det dårlig spiring, og mye har ikke spirt før nå de 2 siste ukene etter at det kom litt regn. På den tørkesterke jorda ser det egentlig ganske bra ut. Den har også nyttiggjort seg regnet bedre enn leirjorda hvor det er veldig tynt. Vi er også spente på hvordan etterrenninga vil slå ut på avlingen. Noe åker vil nok også bli slått til fôr i våre områder.»

Norsk Landbruksrådgiving Innlandet, Blæstad:

«Vi har tatt utgangspunkt i 2018 og vurdert hva som er bedre og ikke så bra som da.

At mai hadde kjølige netter gjorde sitt til at veksten gikk greit selv om det ble tørt. Varmen i juni ga en svært rask strekningsvekst. I følge NIBIO (Hugh Riley) sine vurderinger av tørkeskade, blir største skaden hvis tørken kommer i strekningen for bygg. For havre og hvete skades plantene av tørke i flere faser. Vi har derfor satt havre noe lavere. Hveten er satt høyere fordi overvintringen av høsthvete gikk bra på østsida av Mjøsa. Grunnen var nok kortere snødekke på våren i tillegg til noe mer tele og mindre skade av overvintringssopp. På Hedmarken tror jeg omsåingen dreier seg om under 20%. På Toten tror jeg vi snakker om halvparten. Mye av det resterende er også relativt tynt.

Usikkerhet:

Erfaringsmessig vil alle vårkornarter være utsatt for etterrenning. Med mye tynn åker kan dette bety en vesentlig forbedring av avlingsnivået på disse områdene/skiftene. På alt vatnet areal slipper en unna mye etterrenning. For de verste flekkene i bygg kan en forvente nær dobling av avlinga, gitt at det kommer vesentlig nedbør.

Nedbør så langt:

Innlandet er tilgodesett med variable, til dels små nedbørsmengder i forhold til lenger sør. Dette kan medføre at avlingsnivået blir lavere enn prognosen tilsier, hvis det ikke kommer mer. Hovedsakelig gjelder det havre og vårhvete. Lite nedbør framover kan også bidra til at lavere HL-vekt i vårhvete og tap av matkvalitet, selv om falltall og proteininnhold er godt over kravene.

Oljefrø: Arealet er svært lite da de fleste ønsker å dyrke høst- eller vårraps. Med sein såing falt sistnevnte bort. Høstrapsen ble i all hovedsak harvet opp igjen etter en vanskelig vinter for denne.»

Norsk Landbruksrådgiving Øst, Roverud:

«Sen våronn der noe ble sådd før 17.05, men hovedarealet sådd i tidsrommet mellom 17. og 25. mai. Kornet fikk de fleste steder en god oppspiring og en god start da det var godt våronnvær og fortsatt spireråme i bakken. Tørken tiltok og kornet ble stående på 3-bladstadiet lenge i påvente av regn, men da det uteble så begynte planta å fokusere på 1.skuddet, busking i stor grad uteble. Så var det tid for strekningsstadiet der planten har mest bruk for vann til å lage bladmasse og bygge opp næring, dette uteble og resulterte i korte planter. Nitrogenopptaket har vært lavt, fra 1-3 kg N/daa som indikerer at plantene har hatt nok med å overleve og ikke prioritert å lage opplagernæring som blir avling. I varmen har også cellene vært mye lukket, noe som hindrer fotosyntese store deler av døgnet.

Åker er tynn og kort, dette gir god grobunn for ugras som har floreret etter regnet kom (linbendel, tungras, kveke m.fl.) som nå stjeler mye av næringen og konkurrerer med kulturplantene. Særlig på jord med lav PH, som det dessverre er en del av i distriktet.

Kornet har en fantastisk evne til å tilpasse seg og kompensere for dårlige kår, men i år har det fått så mye medfart at mye ikke vil la seg gjenopprette av god tilgang på næring og vann resten av sesongen så avlingen havner noe under normalnivå og ganske langt under fjorårets nivå.»

Norsk Landbruksrådgiving Østafjells, Buskerud:

«Det er vanskelig å anslå avlinger for årets sesong, men det er et lavere potensial i åkrene i Buskerud i år enn snittet for de siste fem år. Det har vært tørt og både høst- og vårsådd har lidd i tørken. Noe åker er i nærheten av å være totalskadd. Det er likevel innslag av god åker som kan gi avlinger på linje med snittet og over. Totalen anses å være 80 % av fem års snitt.

Mesteparten av høstkornet taklet vinteren dårlig. 60 % av alt høstsådd antas å være tatt opp. Av det som ble tatt vare på, sto det lenge stille i utvikling og kom seint i gang med veksten. I varmen ble det drevet fram og utviklingen gikk fort. Særlig det tidligst sådde ser ut til å kompensere med store fine aks.»

Norsk Landbruksrådgiving Østafjells, Telemark:

«Prognose i år er utfordrende å gi. Totalbildet for Telemark er langt mer positivt nå enn for 2-3 uker siden. Det meste av arealet er påvirket av tørke, men variasjonen er svært stor over korte avstander. Vi har åker som er å anse som totalskadd, og vi har arealer som er fullt på høyde avlingsmessig med

et gjennomsnittsår. Samlet sett for korn, tror jeg avlingspotensialet ligger på ca 80 % av gjennomsnitt for siste 5 år. 2018 hadde en avling på 63 % av snittavling i denne 5-års perioden. Avlingspotensialet fremstår å være langt høyere enn i 2018.

En del bygg har fremstått svært tynt, men har med nedbør busket seg videre og tettes til. Dette legger til rette for åkre med flere generasjoner. Avlingspotensialet kan på en del av disse åkrene bli greit, men innhøsting sen og utfordrende. Mye havre og hvete har oppnådd svært liten høyde før skyting, og har på deler av arealene ganske små aks.

Overvintring av høstkorn var svært utfordrende, med både drukning på en del arealer og soppangrep på andre områder. Det antas at ca. halve høstkornarealet er tatt opp. En noe større andel hvete er tatt opp enn rug/rughvete.

Av resterende høstkornareal som er beholdt, er mange åkre ujevne med redusert avlingspotensiale. Stedvis har høstkornet kompensert liten plantetetthet med store aks. På tørkesvak jord har høstkorn blitt truet frem og har et lavt avlingspotensial. Antakelig er det kun ca. 25 % av opprinnelig sådd høstkorn som ligger ant til å gi en fullverdig avling i år.»

Norsk Landbruksrådgiving, Viken:

«I Vestfold ble om lag 75 % av de høstsådde arealene tatt opp. Våronna starta først litt ut i mai. Åkrene nå er veldig varierende, fra bort imot normale til veldig korte og tynne. Mange åkre ser fine ut fra siden, men sett ovenfra er de tynne. Fargen har tatt seg betraktelig opp etter at vi nå har fått litt nedbør, men tørre forhold fra kornet ble sådd og fram til skyting har satt sitt preg. Været framover vil være veldig avgjørende for hvor godt fylte korna blir og om det blir noen utfordringer med etterrenning.»

Norsk Landbruksrådgiving, Trøndelag (Sør):

«Som dere har sagt er det en tidlig prognose, men vi tror at det blir litt bedre enn i fjor, men tror ikke at det blir noe rekordår. Litt ujevne åkrer med en del dårlig busking og i tillegg litt lite sol og varme (ser det ut som) for at matningen skal bli bra.»

For Oppland er det ikkje gitt estimat for avlinga og her er estimata for Innlandet/Blæstad lagt til grunn.


Prognose for avling

Tabellen under viser historiske og prognosert avlingsnivå pr. dekar:

Avling, kg/dekar. Utvikling i prosent

Kornslag	2018	2019	2020	2021	2022	2023*	I forhold til 2022	Ti års median	Prognose ifht ti års median
Kveite	236	589	478	417	534	395	74 %	485	81 %
Rug/rugkveite	238	554	528	470	563	501	89 %	541	93 %
Bygg	300	460	456	429	496	382	77 %	442	86 %
Havre	226	444	471	393	508	333	66 %	434	77 %
Totalt korn	267	497	466	419	511	375	73 %	467	80 %
Oljefrø, åkerbønner	133	317	272	261	311	296	95 %	250	118 %

Dei vanskelege dyrkingsvilkåra har slått ulikt ut for ulike delar av kornområda:



Tilgangsprognose

Prognosen byggjer på prognose for areal og prognosert avlingar pr. dekar. Avlingsestimater, korrigert for korn som går til såkorn og leigemaling, gir tilgangsprognosen.

Felleskjøpet Agri marknadsregulator gir følgjande tidlege prognose for tilgang av norsk korn til matmjøl- og kraftfôrindustrien for sesongen 2023/2024:

	Gjennomsnitt 2018-22	Tilgang 2022	Prognose 2023	Prognose ifht siste 5 år	Prognose ifht siste år
Matkveite	195 000	272 000	153 000	78 %	56 %
Fôrkveite	105 000	110 000	69 000	66 %	63 %
Kveite i alt	300 000	382 000	222 000	74 %	58 %
Matrug	13 000	24 000	12 000	92 %	50 %
Fôrrug/rugkveite	25 000	35 000	17 000	68 %	49 %
Rug/rugkveite i alt	38 000	59 000	29 000	76 %	49 %
Bygg	551 000	613 000	528 000	96 %	86 %
Havre	244 000	303 000	220 000	90 %	73 %
Korn totalt	1 133 000	1 357 000	999 000	88 %	74 %
Erter	5 000	9 000	9 000	180 %	100 %
Oljefrø, åkerbønner	15 000	23 000	9 000	60 %	39 %
Korn, erter, oljefrø	1 153 000	1 390 000	1 017 000	88 %	73 %
Matandel kveite	65 %	71 %	69 %		
Matandel rug/rugkveite	34 %	41 %	41 %		

(Kjelde historiske data: Landbruksdirektoratet)

Fordelinga av tilgangen av kveite og rug mellom mat- og fôrkorn er uråd å estimere så tidleg. Det er stor variasjon og framleis rom for utvikling av proteinnivå og hektolitervekt. Matandelen tek difor utgangspunkt i ti års medianverdi for matandel; 69 % for kveite og 42 % for rug/rugkveite.

Fordeling av tilgangen av korn til mat og fôr

Tabellen under viser tilgangen og fordelinga mellom mat og fôr som ligg til grunn for prognosering av balansen. Det er lagt til grunn at 1 000 tonn kveite innkjøpt til matkornpris av ulike årsaker blir brukt til kraftfôr og at ekstra import i august gir auka tilgang av norsk korn i resten av sesongen.

Fordeling av norsk korn mellom matkorn og fôrkorn (tonn)

Kornbalanse (tonn)	Mat- kveite	Matrug	Fôr- kveite	Fôrrug, rug- kveite	Bygg	Havre	Erter	Fôrkorn
Overlagra frå sesongen før	26 000	5 400	0	0	0	0	0	0
Prognosert ny tilgang	153 000	12 000	69 000	17 000	528 000	220 000	9 000	843 000
Matkorn til fôr/bygg, havre til mat	-1 000	0	1 000		-3 000	-36 000		-38 000
-Overlagring til ny sesong	0	0	0	0	0	0	0	0
-Omdisponering	0	0	0	0				0
Tilgang etter regulering	178 000	17 400	70 000	17 000	525 000	184 000	9 000	805 000

Foredling av matkorn i Norge

Prognosen for totalt forbruk av matkorn hos norske matmjølmøller er basert på forbruksstatistikk frå Landbruksdirektoratet til og med mai i år. Prognosen for resten av inneverande kornår og for neste kornår er trend for siste tre sesongar.

Tabellen under viser forbruket dei siste sesongane, og prognose for resten av 2022/2023 og for ny sesong 2023/2024.

Matkornforedling pr sesong (tonn)					
Sesong	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
2018/2019	268 670	19 843	3 002	35 210	326 725
2019/2020	269 944	19 293	3 166	39 981	332 384
2020/2021	274 214	20 609	2 795	38 138	335 756
2021/2022	273 962	17 416	2 670	37 826	331 874
2022/2023*	258 400	16 300	2 500	35 400	312 600
Prognose 23/24	264 000	16 000	3 000	37 000	320 000
Endring	2,0 %	-1,7 %	18,7 %	4,2 %	-3,6 %

(Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet)

Import av råvarer for å supplere tilgangen av norsk korn i 2022/2023

Sesongen 2022/2023 blir avslutta med høg andel norsk matkveite i overgangslagera hos industrien. Forventa svak kornavling i haust vil gi reduksjon i andelen norsk korn i matmjølet og tilsvarande behov for omlegging av reseptane overfor bakerisektoren. For å disponere overgangslageret av godt norsk korn etter hausten 2022 utover i sesongen 2023/2024 og på den måten lettare kunne halde stabile reseptar, ynskjer matmjølimindustrien å starte omlegginga allereie i august i år. Ei slik tilpassing inneber at auken i import vert fasa inn allereie frå august.

Sesongen kan også bli krevjande for tilgangen av norsk grynnavre, sjølv om havre til mat normalt utgjer ein liten del av totalproduksjonen. Matmjølmøllene produserer enkelte produkt med Nyt Norge-merking. Det er viktig å kunne halde oppe produksjonen av desse merka varene. Med forventa svak tilgang av kvalitetsmessig god havre, kan det vere behov for å kanalisere tilgangen av norsk mathavre til produkt med Nyt Norge-merket og bruke importhavre på andre produkt. Marknadsregulator legg til grunn at denne merkevara i alt vesentleg er sikra gjennom overgangslager hos industrien. Eventuelle importbehov er normalt tema for prognosen i november.

Ekstra importbehov matkorn i august 2023

På grunnlag av norskandelen i prognosen ovanfor gir Felleskjøpet Agri marknadsregulator råd til Landbruksdirektoratet om ekstra kvote for suppleringsimport av matkorn til administrert toll for avsluttinga av sesongen 2022/2023.

Ut frå forventa forbruk av matkorn og prognosert tilgang av norskprodusert matkorn, vil det vere behov for følgjande supplerande import av matkorn i sesongen 2023/2024:

Importbehov matkorn (tonn)					
	Kveite	Rug	Bygg	Havre	Sum
Forbruksprognose	264 000	16 000	3 000	37 000	320 000
Norsk matkorn	-178 000	-17 400	-3 000	-35 700	-234 100
Suppleringsbehov matkorn	86 000	0	0	1 300	87 300

Dette gir ein andel norsk matkveite på 67 % i den kommande sesongen, mot ca. 80 % i sesongen 2022/2023 totalt. Det blir lagt til rette for at matmjølmøllene kan justere norskandelen til dette nye nivået allereie frå august. Ekstra importbehov er estimert ut frå forskjellen mellom norskandel i maiprognosen og norskandelen i ny sesong. I prognosen er forbruket av matkveite i august estimert

til 21 000 tonn. Auka bruk av import for tilpassing til ny marknadsbalanse gir behov for ekstra import (tonn):

	August 2023		Ekstra import
	80 %	67 %	
Norsk matkveite	17 000	14 000	
Importert matkveite	4 000	7 000	3 000

Det blir lagt til grunn at ekstra tildelt importkvote for inneverande sesong (2022/2023), vil skyve ein del av forbruket av norsk korn frå 2022-avlinga inn i ny sesong 2023/2024. Importkvotane i den nye sesongen blir redusert tilsvarande.

Klassefordeling

Såkonomsetninga i forkant av sesongen gir grunnlag for å estimere klassefordelinga. I tillegg er det teke omsyn til overlagra korn og til korn som blir disponibelt som følgje av ekstra importkvote:

Matkveite - Fordeling av tilgang og proteininnhald (tonn og prosent)

	Matkveite 2023-avling	Klassefordelt	Protein-%	Frå 2022/23	Redusert forbruk august 2023	Prognosert forbruk	Fordeling av forbruk
Klasse 1	23 300	15 %	14,0 %	7 900	600	31 800	18 %
Klasse 2	58 300	38 %	13,7 %	15 000	600	73 900	42 %
Klasse 3	37 300	25 %	13,5 %		700	38 000	21 %
Klasse 4	33 000	22 %	13,0 %		1 100	34 100	19 %
I alt	151 900	100 %	13,5 %	22 900	3 000	177 800	100 %

VEDLEGG

Tilgang korn historisk og prognosert (tonn)

	Matkveite	Förkveite	Kveite i alt	Matrug	Förrug og rugkveite	Rug/rugkveite i alt
2006/07	219 365	120 726	340 091	19 940	4 690	24 630
2007/08	303 085	78 421	381 506	25 080	13 226	38 305
2008/09	128 406	305 198	433 604	20 016	26 657	46 673
2009/10	86 290	177 773	264 064	8 961	17 996	26 957
2010/11	184 820	127 429	312 249	16 182	17 585	33 767
2011/12	40 504	229 783	270 287	4 747	11 478	16 225
2012/13	174 164	84 459	258 623	2 853	2 025	4 878
2013/14	171 406	26 345	197 741	11 700	949	12 649
2014/15	217 471	150 946	368 418	31 266	6 764	38 030
2015/16	147 783	325 024	472 806	36 599	29 524	66 123
2016/17	224 867	65 522	290 389	13 457	9 529	22 987
2017/18	148 389	235 715	384 104	20 925	28 852	49 777
2018/19	84 394	42 232	126 626	2 438	5 319	7 757
2019/20	205 919	225 113	431 032	13 229	37 588	50 817
2020/21	225 499	83 046	308 545	7 627	25 750	33 377
2021/22	186 473	63 170	249 643	16 343	22 045	38 389
2022/23	272 243	109 635	381 878	24 258	34 958	59 216
Prognose	153 000	69 000	222 000	12 000	17 000	29 000

Tilgang korn (tonn)

	Bygg	Havre	Sum korn	Erter	Oljefrø, åkerbønner, lupiner	Rugkveite ¹⁾
2006/07	508 919	233 840	1 107 480	5 934	9 519	49
2007/08	456 091	260 427	1 136 329	8 691	8 966	67
2008/09	528 749	310 348	1 319 374	6 590	9 722	353
2009/10	447 484	268 224	1 006 728	6 818	6 819	248
2010/11	512 424	287 128	1 145 568	6 445	10 165	466
2011/12	462 313	219 982	968 807	2 272	8 577	116
2012/13	541 984	219 864	1 025 348	1 869	11 315	184
2013/14	481 412	212 421	904 222	963	6 015	413
2014/15	499 483	270 309	1 178 797	2 087	9 648	1 262
2015/16	479 308	269 156	1 287 394	3 535	10 403	3 926
2016/17	601 722	339 272	1 254 370	5 070	11 450	3 861
2017/18	544 725	269 813	1 248 420	3 762	10 226	17 058
2018/19	409 082	146 671	690 137	2 729	7 238	4 704
2019/20	541 070	218 268	1 241 187	4 222	15 667	26 870
2020/21	611 875	296 559	1 250 356	3 819	15 323	23 001
2021/22	581 344	254 959	1 124 335	3 271	12 564	20 060
2022/23	612 705	303 095	1 356 894	9 355	23 420	32 806
Prognose	528 000	220 000	999 000	9 000	9 000	-

Kjelde for historiske data: Landbruksdirektoratet

1) Blir rekna som förrug i statistikk og prognose. Første prognose i november.